

## BARNEHAGEN SINE FAGOMRÅDER

*«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.» (Rammeplan 2017 s.47)*

**Me arbeider slik med progresjon innfor dei ulike fagområda:**

### KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

#### Litlebasen:

- Aktiv bruk av språk i samspel med barna, gjenta det barna seier med rette ord.
- Ha bøker lett tilgjengeleg
- Bruka song og reglar aktivt
- Fortelja enkle historier ved hjelp av figurar
- «Bade barna i ord». Set ord på alt me ser og alt me gjer.
- Stilla opne spørsmål

#### Storebasen:

- Samlingstund med eventyr, songar, musikk, rim og regler, rytme og stavingar
- Lesa bøker
- Samtaler der barna får anledning til å fortelja, undra seg, reflektera og stilla spørsmål
- Stilla opne spørsmål til borna
- «Bade barna i ord»
- Gruveklubben; utforska og gjera seg erfaringar med leikeskriving, teikning og bokstavar
- Ta utgangspunkt i språksprell og nytta snakkepakken som metode for språkstimulering

## KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

### Litlebasen:

- Gå i ulendt terreng for å styrka barna si motoriske utvikling. Turar i nærområdet
- Rom og materiale som stimulerer grovmotoriske aktivitetar. Legga til rette for toddlerleik
- Tilby variert konstruksjonsmateriale.
- Dans og songleik
- Variert kost, og tilby nye smakar

### Storebasen:

- Turdagar minst ein gong i veka
- Læra barna å ta vare på seg sjølv og utvikla eigen sjølvstendighet
- Tilby sunn og variert mat – tilby nye smakar
- Allsidig bruk av kroppen gjennom grovmotoriske aktivitetar - og finmotoriske aktivitetar, dans og sangleik.

## KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

### Litlebasen:

- Magiske samlingsstunder etter alder og modning som er bygd på fantasi, kreativ tenking og skaparglede.
- Enkel dramatisering, «late som om»
- Lytta til musikk, og bevega seg til musikk
- Sansleik med variert materiale

### Storebasen:

- Skapande aktivitet i prosjektarbeid
- Magiske samlingsstunder
- Bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkja seg estetisk.
- Får oppleve glede og stoltheit over å høyra til Kystkulturen i Sagvåg
- Samtalar med barna om deira og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk
- Barna får møta eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltar i kunst- og kulturopplevingar saman med andre

## NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

### Litlebasen:

- Smågrupper på tur til stranda
- La barna få sansa og gjera seg kjend med dei ulike artane frå stranda og sjøen
- Nyttå ting frå sjø og strand i formingsaktivitetar
- Bruk av maritime songar og bøker

### Storebasen:

- Bli kjent med livet på og ved sjøen
- Ha fokus på berekraftig utvikling og vårt ansvar for å ta vare på naturen
- Undra oss saman over naturfenomen
- Skapa gode samtalar rundt det barna har sett og opplevd
- Legga til rette for konstruksjonsleik som gjev erfaringar med teknikk

## MENGDE, ROM OG FORM

### Litlebasen:

- Setta ord på og barna si utforsking
- Erfara mengde, rom og form gjennom kroppen
- Legga rett ting på rett plass
- Leik med ulikt materiale
- Bruk av omgrep som stor – liten, varmt – kaldt m.m.
- Byggja hytter med tepper og puter
- Sortera, finne lik / ulik

### Storebasen:

- Undring og utforsking ut frå kvardagssamtalane
- Konstruksjonsleik med mange ulike typar klossar
- Leik med ulikt materiale
- Spela spel
- Sortera
- Bevisste tilsette som utvidar barna sin omgrepsbruk, og brukar korrekte matematiske omgrep i dagleg språk

## ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

### Litlebasen:

- Markera høgtider og tradisjonar representerte i barnegruppa
- Undra oss over det me møter ute i naturen
- Øva på å ta omsyn til kvarandre
- Sette ord på kjensler
- Arbeid med empati og utvikling av sosial kompetanse

### Storebasen:

- Markera høgtider og tradisjonar representerte i barnegruppa
- Arbeid med at barn og vaksne skal visa respekt for kvarandre
- Leggja til rette for gode samtalar og undring saman med vaksne
- Arbeid utvikling av empati og sosial kompetanse. Snakka om kjensler.

## NÆRMILJØ OG SAMFUNN

### Litlebasen:

- Få medverka ut ifrå alder og modning. Møta vaksne som ser, lyttar, og prøver å forstå barna sine behov. Bruka dette som grunnlag for tilrettelegging.
- Turar i nærmiljøet og møter med kystkulturstien på land. Få kjennskap til stadnamn og kva historie/aktivitet me kan knyte til disse namna.
- Fokus på dei viktige kvardagssamtalane rundt td ulike tradisjonar, levesett og familieformer samt ulikskapar me skal ha respekt for.

### Storebasen:

- Bli kjend med demokratiske prosessar gjennom prosjektarbeid. Få erfaringar med at innspela deira tel i kvardagen. Barnehagen har fokus på barns medverknad.
- Nytt kystkulturstien for å verta kjend med nærmiljøet vårt før og no. Bli kjend med kystkulturen gjennom rollefiguren vår Ansgar som syner oss historie og notid frå Sagvåg.
- Fokus på dei viktige kvardagssamtalane rundt ulike tradisjonar, levesett og familieformer, samt ulikskapar me skal ha respekt for.
- Markering av samane sin nasjonaldag med kjennskap til særtrekk ved deira kultur
- Gruveklubben har prosjekt om gruvesamfunnet på Litlabø